

# Arbeidsplan for Møre og Romsdal SV 2024-2027

## 1. Innleiing

Møre og Romsdal SV skal vere et utadvendt, inkluderande, lyttande og mangfoldig partilag som inviterer folk med på laget for å bygge eit samfunn for dei mange, ikkje for de få.

Det politiske og organisatoriske arbeidet heng tett saman. Det er gjennom å bygge ein sterkare fylkesorganisasjon vi på sikt kan nå våre politiske mål, lokalt og nasjonalt.

Arbeidsplanen er ein strategi som angir mål og tiltak for inneverande fylkesvalperiode. Arbeidsplanen er ein operativ plan, med neste fylkesvalg som ein viktig milepel.

- Årsmøtet i fylkeslaget vedtek planen og det medfølgende budsjettet for dei neste fire åra.
- Fylkesstyret rapporterer årleg til årsmøtet om kva tiltak som er gjennomført
- Planen og budsjettet vil bli lagt fram for revisjon første gong på årsmøtet i 2026, men kan arbeidsplanen kan bli gjenstand for revisjon årleg, dersom lokallag krev det
- Planen gjeld for all aktivitet i fylkeslaget, og skal følgast av både tillitsvalte og folkevalte.

## 2. Politisk utgangspunkt - Eit grønt og rettferdig Møre og Romsdal

Dette kapitlet er utdrag frå valprogrammet til Møre og Romsdal SV 23-27, og gjengir innleiinga samt hovudsakene som er løfta fram i programmet:

Klima- og naturkrisa er den største utfordringa i vår tid, og trugar sjølvे livsgrunnlaget vårt. Tap av natur og biologisk mangfald rokkar ved økosystema og forsterkar klimaendringane. Samstundes lever vi i ei tid prega av aukande forskjellar, dyrtid og aukande fattigdom. Vi i SV er tydelege på at desse to krisene ikkje kan sjåast kvar for seg, men må løysast saman.

Det hastar å ta fylket vårt vidare gjennom den grøne omstillinga, der vi løyser miljøproblema, bremsar klimaendringane og stoggar tap av natur før det er for seint. Omstillinga må skje på ein rettferdig måte, slik at ikkje dei med minst frå før må ta den største kostnaden. Rettferdig fordeling må gå hand i hand med det grøne skiftet. Vi treng eit rettferdig, grønt skifte.

Verda er prega av krig og kriser. Mange opplever ein meir utrygg kvardag. Det er dyrtid og fleire slit med å få endane til å møtest. Då trengst sterke fellesskaps-løysingar endå meir enn før. Det betyr noko at kollektivtilbodet er rimeleg og tilgjengeleg, at den vidaregåande skulen ikkje er for langt unna, og at den offentlege tannhelsa blir utvida til nye grupper. Det betyr noko å kunne delta i kultur- og samfunnsliv, og vere del av eit trygt og seriøst arbeidsliv. Vi går til val på eit sterkt offentleg velferdstilbod som gir fridom til den enkelte.

Tida vi står i, krev også at vi opprettheld eit variert næringsliv med rom for nyskaping. Vi i SV vil bidra til eit sterkt, lokalt forankra næringsliv der tydelege miljøkrav gir

konkurransefortrinn, teknologiutvikling og utsleppskutt. Vi ønskjer politisk styring over krafta, og har som prinsipp at våre felles naturressursar må kome fellesskapet til gode.

Vi i SV ønskjer eit likestilt, raust og inkluderande Møre og Romsdal, der bakgrunn eller økonomi ikkje avgjer kva moglegheiter du har. SV ønskjer ein desentralisert samfunnsstruktur der folk kan leve og bu der dei ønskjer, og ha tilgang på gode, offentlege tenester i heile fylket. SV ønskjer eit rettferdig og solidarisk samfunn som også har blikk ut over våre eigne fylkes- og landegrenser.

## Våre hovudsaker

Fordeling og miljø legg grunnlaget for heile vår politikk, både lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt. I denne fylkesvalperioden vil vi særleg vektlegge følgjande hovudsaker:

### GRØN SAMFERDSEL

Vi vil prioritere trygge kvardagsvegar, hyppige ferjer og betre kollektivtilbod i staden for dyre og miljøfiendtlege motorvegprosjekt som Møreaksen og ferjefri E39.

### TANNHELSEREFORM

Tennene er ein del av kroppen. Vi vil utvide det offentlege tannhelsetilbodet til fleire grupper. Målet er at det ikkje skal koste meir å gå til tannlegen enn til legen.

### DESENTRALISERT UTDANNING – TRYGT ARBEIDSLIV

Vi vil halde oppe ein desentralisert vidaregåande skulestruktur, styrke mobbeombodet og gi rimelege kulturtilbod til ungdom. Vi vil auke innsatsen for eit anstendig og seriøst arbeidsliv.

### NATUR, MILJØ OG NÆRING

Vi vil verne om Mørebankane, sikre natur og dyrkjord mot nedbygging og bevare eit aktivt landbruk. Vi vil etterspørje grøne, sirkulære løysingar og vere pådrivar for at det grøne skiftet blir eit konkurransefortrinn for næringslivet i fylket.

### 3. Våre folkevalte, partiorganisasjonen og arbeidet i fylkeslaget

#### Folkevalte

I valperioden 2023- 27 har Møre og Romsdal tre fylkestingsrepresentantar, Marit Aklestad, Anders Lindbeck og Yvonne Wold. Marit Aklestad er gruppeleiar.

Vidare har Møre og Romsdal SV slik representasjon i fylkeskommunale organ i denne perioden:

Fylkesutvalet: Marit Aklestad

Samferdselsutvalet: Anders Lindbeck

Kultur- og folkehelseutvalet: Yvonne Wold

#### Partiorganisasjonen

Fylkesårsmøtet er Møre og Romsdal SV sitt høgaste organ. Fylkesårsmøtet vel fylkesstyre. Fylkesstyret har sju medlemmar. Leiar, nestleiar og fire styremedlemer blir valt av fylkesårsmøtet. I tillegg har SU ein representant i fylkesstyret.

Mellom fylkesårsmøta kan det når det er behov for det, haldast representantskapsmøte.

Fylkesstyret har ansvar for organisatorisk, økonomisk og administrativ drift av fylkeslaget, og har ansvar for det politiske arbeidet mellom fylkesårsmøta.

Sentrale arbeids- og ansvarsområde for fylkeslaget ved fylkesstyret er å utvikle og styrke partiorganisasjonen, samordne det politiske arbeidet, byggje alliansar med fagrørsla og andre interesseorganisasjonar og profilere SVs politikk. Slik arbeider vi:

- 1. Samordne det politiske arbeidet mellom fylkeslaget, fylkestingsgruppa, folkevalde i kommunane og stortingsrepresentanten godt**
  - a. Sørge for gode kanalar for utveksling av arbeid, idear og erfaringar. Invitere til samarbeid på tvers
  - b. Faste møtepunkt mellom stortingsrepresentanten og fylkeslaget
  - c. Vidareutvikle nyhendebrev til lokallaga/lokale folkevalde med info om kva vi oppnår frå fylkeslaget/fylkestingsgruppa og på Stortinget
- 2. Byggje alliansar med fagrørsla og miljørørsla i fylket, samt andre interesseorganisasjonar vi deler syn med**
  - a. Invitere våre alliansepartnarar oftare til dialog og felles front, anten det gjeld uttalar, deltaking på kvarandre sine møter og arrangement eller i dagleg politisk arbeid
  - b. Invitere alliansepartnarar til innspelsrunder i nye lokale- og fylkesprogram.
  - c. Delta i nye fora der SV tradisjonelt har vore mindre synlege/aktive for å auke truverdet vårt på nye felt

- 3. Profilere det politiske arbeidet på fylkesnivå og i kommunane meir systematisk**
  - a. Vere meir synlege i media med våre gjennomslag og prioriteringar. Få fram forskjellar og likskapar til andre parti. Politiske parti får størst synlegheit gjennom dei tradisjonelle media og vi bør få eit innlegg i lokale eller regionale media ved kvart fylkesutvalsmøte, ev også ved andre møter (fylkestinget eller andre utval).
  - b. Sørge for at Birgit Oline Kjerstad sitt arbeid på Stortinget syner att i heile fylket
  - c. Bli meir profesjonelle på sosiale media og auke synlegheita der. Dele stoff frå alle lokallag og frå fylkestinget systematisk på våre SoMe-plattformer
- 4. Jobbe langsiktig med å byggje opp politiske profilar på alle nivå**
  - a. Tidleg og langsiktig oppbygging av nye kandidatar og folkevalde til valet 27
  - b. Tilby folkevalde kurs og opplæring jamnleg for påfyll og motivasjon
  - c. Jobbe aktivt for mangfold blant våre politiske profilar
  - d. Motivere nye medlemmar til å ta på seg verv
- 5. Sikre god erfaringsdeling mellom lokallaga der større/sterke lag bidreg til å byggje opp dei mindre/svakare laga**
  - a. Legge til rette for erfaringsdeling og samarbeid mellom lokallag på ulike temaområder eller nivå, slik at ein lærer av kvarandre.
  - b. Arbeide for at lokallaga i dei større byane og i kommunar vi står sterkt, blir motorar for dei mindre, omkringliggjande lokallaga
  - c. Gjennomføre fire digitale lokallagsleiarmøte pr år
  - d. Fylkestyret får betre oversikt over arrangement, prosessar og tiltak i dei ulike lokallaga og bidreg til å kople saman lag som kan lære av kvarandre
  - e. Oppfordre lokallaga til å invitere kvarandre og veksle på å vere vertskap for arrangement, møter og samlingar

## Mål for kvar Møre og Romsdal SV skal vere i 2027

### Overordna organisatoriske mål

Fram mot vala i 2025 og 2027 vil vi **utvikle ein sterkare organisasjon** med fleire aktive medlemmar, fleire lokallag og fleire lister. Valkampane, inkludert opptrappinga til desse, blir viktige organisatoriske byggjeperioder.

Vi skal **jobbe meir utadretta og inkludere fleire**. Det skal vere lett å finne ulike aktivitetar og arrangement for alle medlemmar, og vi skal ha tettare kontakt med innbyggjarar og organisasjonar, fagmiljø og næringsliv for å utvikle og få innspel til vår politikk. Vi skal få eit større mangfald blant våre tillitsvalde og folkvealde, og det skal vere gjevande og sosialt å vere engasjert i SV.

Vi skal **utruste og skulere våre tillitsvalde og folkevalde** slik at dei er trygge i verva sine, er stødige på vår politikk, får bidra i politikkutviklinga og beheld engasjementet i partiet over tid. Vi skal jobbe for at fleire får erfaring med verv og oppgåver for SV både lokalt og på fylkesnivå, og at fleire i Møre og Romsdal SV får erfaring med verv nasjonalt.

### Mål 1: Auke i medlemsstal, aktive lokallag og lister

SV søker ikkje makt for makta si skuld, men for å levere resultat for miljø og rettferd. For å klare dette er det langsigte målet at SV nasjonalt skal bli det største partiet på venstresida, og det naturlege møtepunktet for folk som ønsker ein offensiv politikk for rettferdig fordeling og miljø. Både i fylkes- og lokalpolitikken skal SV vere tydelege og utovalmodige for å skape forandring. Vi skal vere konstruktive og pålitelege i samarbeid med andre parti. Vi skal søkje makt og ta ansvar for å oppnå gjennomslag for vår politikk.

For å oppnå dette treng vi fortsatt medlemsvekst, og det er også heilt nødvendig at vi klarer å omsette medlemsvekst til auka aktivitet. Korleis dette skal gjerast må tilpassast lokalt, da det er stor forskjell mellom lokallag og lokalsamfunn. Felles for heile partiet er likevel at vi må ha meiningsfulle aktivitetar for medlemmane våre, sikre at medlemmane blir tatt godt imot og at dei får den oppfølging som er nødvendig for å kunne bli aktive. Slik utviklar vi ein sterkare organisasjon som det er attraktivt og meningsfullt å vere ein del av!

I løpet av valperioden skal vi

- ✓ bli 800 medlemmar
- ✓ ha aktive lokallag i 22 kommunar (+3 samanlikna med 2023)
- ✓ stille lister i 22 kommunar (+4 samanlikna med 2023)

### Tiltak for å nå målet

- a. I arbeidet med å få fleire aktive lokallag og lister, må fylkesstyret på bakgrunn av medlemsstal, røystetal og ressurspersonar, årleg prioritere kva kommunar ein særskilt skal arbeide inn mot
- b. Synleg aktivitet i alle lokallag med låg terskel for å bli med
- c. Bruke listearbeid og valkamp i kommunane aktivt til å også verve nye medlemmar.
- c. Små/sårbare lokallag må få ekstra oppfølging av fylkesstyret til listearbeidet

- d. Fange opp medlemmar som er gode på verving og sørge for erfaringsutveksling
- e. Drive aktiv gjenverving av medlemmar som ligg an til å falle ut ved årsskiftet
- f. Oppmode alle lokallag til å ha ein medlemsansvarleg og ha gode rutinar for å ta imot nye medlemmar
- g. Fylkeslaget har god dialog med SU og bistår SU i å danne fleire og sterkare SU-lag i fylket
- h. Vi byggjer ein open, trygg og støttande partikultur med rom for meiningsbryting og respekt for demokratiske prosessar

*I tabellen under omtaler vi konkrete tiltak som vi vil gjennomføre og som til saman skal sørge for at mål 1 kan nås i løpet av planperioden.*

Tiltak:	Gjennomføring	Ansvar	Evt. Budsjettkonsekvens
På bakgrunn av medlemstal, oppslutning i val og tilgang på ressurspersonar, satser vi målretta i 1-2 kommunar kvart år, for å etablere nye lokallag og/eller støtte sårbare lokallag	2024-2026	Fylkesstyret prioriterer. Fylkesstyret og fylkessekretær har eit hovudansvar. Lokallag i nabokommunar bistår.	Inntil kr 5000,- pr framstøt (reise, leie lokale, kaffe, ev annonsering)
Utvike rutiner for velkomst av nye medlemmar som alle lokallaga bør nytte	2024	Fylkessekretær i samarbeid med lokallagsleiarane	-
Alle lokallag har eigne årlege målsetnader om auke i medlemstal.	2024-2027	Lokallaga	-

## Mål 2: Ein utadretta organisasjon der det er lett å engasjere seg for alle medlemmar

Våre medlemmer har meldt seg inn i SV fordi dei vil vere med på å gjere sitt lokalsamfunn grønare og meir rettferdig. Våre møter og aktivitetar skal legge til rette for at alle medlemmer som ønsker å engasjere seg meir får ein inngang til å kunne gjere det.

### Tiltak for å nå målet

- a. Alle lokallag tilbyr minst eit ope møte i året, gjerne i samarbeid med andre lokallag
- b. God koordinering og planlegging av besøk frå sentralt og deltaking i partiets interne prosessar
- c. Synleggjere aktivitetar og arrangement på nettsider, i media og sosiale media

- d. Oppfordre lokallaga til å arrangere alternative lågterskel arrangement
- e. Dei politiske nettverka tilbyr møter og aktivitetar innanfor sine politikkområder og gir SV-arar som har interesse for fagfeltet moglegheit til å bidra
- f. Vi tilbyr lokallaga besøk frå fylkesstyret, anten fysisk eller digitalt
- g. SV markerer seg i heile fylket på faste merkedagar 8. mars og 1. mai, samt andre merkedagar som til dømes 5. juni (verdas miljødag), 6. februar (samefolkets dag) og 10. oktober (verdsdagen for psykisk helse).
- h. Utvikle ei verktøykasse for god oppfølging av nye medlemmar.

*I tabellen under omtaler vi konkrete tiltak som vi vil gjennomføre som til saman skal sørge for at mål 2 kan nås i løpet av planperioden.*

Tiltak:	Gjennomføring	Ansvar	Evt. budsjettkonsekvens
Vi utvikler eit opplegg for åpne møte som lokallaga kan nytte, for å senke terskelen for aktiv deltaking for våre medlemmar og for å gjere det enklare å arrangere	2024-2025	Fylkesstyret. Fylkessekretær i samarbeid med lokallagsleiarane utviklar.	Ordinær drift

### Mål 3: Tillitsvalte og folkevalte får god opplæring i SV sin politikk, roller og ansvar

Beskriv hvorfor dette målet er viktig.

#### Tiltak for å nå målet

- a. Betre systemet for utveksling av idear, erfaringar og forslag mellom folkevalde og mellom folkevalde, fylkestingsgruppe og stortingsrepresentant
- b. Sørge for god deltaking på nasjonale samlingar for folkevalte og tillitsvalte og i nettverka for folkevalte og tillitsvalte.
- c. Alle nye lokallagsleiarar gjennomfører opplæring i drift av lokallag
- d. Tilby jamnleg skulering for folkevalde, førstevaraer og hovedutvalsmedlem ved å legge inn faste skuleringaktivitetar i MRSV sitt årshjul, både fysisk og digital. Gjennomføre eit årleg skoleringstiltak er dei folkevalte kan treffast fysisk.
- e. Tilby ein mentor til alle unge/nye folkevalde med behov allereie frå dei er kandidatar, og vurdere å etablere såkalla «kommuneutval» eller tilsvarande støttande nettverk kring dei folkevalde
- f. Vektlegge skulering i mediahandtering og sosiale media for nye kandidatar/folkevalde for å sikre synlegheit rundt om i kommunane

I tabellen under omtaler vi konkrete tiltak som vi vil gjennomføre som til saman skal sørge for at mål 3 kan nås i løpet av planperioden.

Tiltak:	Gjennomføring	Ansvar	Evt. budsjettkonsekvens
Skuleringssamling for folkevalte (dagsamling) Tema blir fastsatt i samråd med dei folkevalte	Årleg	Fylkesstyret og fylkestingsgruppa	15.000,-  Søke org.fondet
Auke deltakinga frå Møre og Romsdal på sentrale samlingar og skuleringstiltak	Årleg	Fylkesstyret	Vurdere å støtte til deltaking dersom lokallag ikkje har midlar sjølv. Vi har avgrensa med midlar og vil måtte prioritere nye aktive, som ikkje tidlegare har delteke på denne type sentrale samlingar.
Systematisk opplæring av nye tillitsvalte (lokallagsleiarar, lokallags- og fylkesstyre)	Årleg	Fylkesstyret	

## 4. Budsjett 2024-2025

Avtalen om kostnadsfordeling mellom Møre og Romsdal SV og partiet sentralt utløp ved utgangen av 2023, og er ikke reforhandla når fylkesårsmøtet skal vedtak budsjett for 2024. Det same gjeld avtale mellom fylkeslaget og fylkestingsgruppa om delfinansiering av fylkessekretærstillinga. Budsjettforslaget blir difor lagt fram med store forbehold.

Fylkesstyret må få fullmakt til å revidere budsjettet når nye avtaler er inngått.

Dersom vi ikke får auka inntekter i løpet av 2024, har ikke fylkeslaget mulegheit i 2025 til å vidareføre den drifta vi hadde i 2023 og som vi planlegg for 2024.

<b>Budsjett 2024 - 2025 Møre og Romsdal SV</b>			
<b>INNTEKTER</b>	<b>Regnskap 2023</b>	<b>Budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2025</b>
Diverse inntekter	128 323	106 000	108 000
Delfin av fsekr frå fylkestingsgruppa	60 000	60 000	60 000
Medlemskontingent	73 685	75 000	76 000
Offentlig støtte	278 315	302 500	302 500
Partiskatt fra fylkestingsgruppa	52 602	70 000	70 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>592 925</b>	<b>613 500</b>	<b>616 500</b>
<b>UTGIFTER</b>			
Administrasjon og kontor (FS, IT)	399 007	421 000	433 000
Årsmøte	319 003	173 000	175 000
Rep.skap/Nom.møte	0	15 000	0
Fylkesstyret	0	0	0
Sentrale møter og samlinger (ink. LS og LM)	0	37 500	62 500
Øvrige reisekostnader (inkl. fylkessekr.)	5 997	5 000	10 000
Møter & samlinger	0	15 000	15 000
Valgkampkostnader	169 758	0	150 000
Øvrig annonsering (ikke valgkamp)	0	0	0
Aktivitetsfond lokallag	0	10 000	10 000
Fylkestingsgruppa	0	0	0
Støtte til Møre og Romsdal SU	0	0	0
Diverse	14 753	15 000	15 000
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>912 575</b>	<b>691 500</b>	<b>870 500</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-319 650</b>	<b>-78 000</b>	<b>-254 000</b>

Egenkapital	kr 95 830	kr 17 830	- 236 170
-------------	-----------	-----------	-----------